



Lars Inge Olsen i Uskedalen med skuldermontert bison.

**For to år sidan skaut Lars Inge Olsen som bur på Rød i Uskedalen ein 900 kilo tung bisonokse i Tatonka Flats i provinsen Alberta i Canada. Men først laurdag fekk han tilsendt trofeet av kjempen. Det var ein såkalla skuldermontering som veg 35 kilo.**

I dag vekte Lars Inge Olson naturleg nok ein viss oppsikt i 'bybiletet' då han kom køyrande med oksehovudet bakpå bilen.

På norsk grunn jaktar han for det meste hjort utan at han er svært ivrig.

Men han har vore i Canada

to gonger. Første gongen var i 1991 då utbytet vart 2 bjørnar i Fort Mac Murray. Andre gongen var altså for 2 år sidan og då stoppa det ikkje med ein bison.

Jaktselskapet på 3 mann fekk med seg 3 ulvar samtidig.

- Bisonkjøtet er svært godt, men akkurat denne oksen var for gamal og seig til å bli ete, seier jegaren som har jobba hos Frank Mohn på Venjanaset i 27 år.

Han innrømmer at det ikkje er billeg å jakta i skogane i kjempelandet Canada.

Uskedelingen ser ikkje bort ifrå at

'operasjon bison' kosta 50.000 kroner, men satsinga var absolutt verd pengane.

Sjølve turen kosta rundt 30.000 kroner og frakta 7.000 for å nemna to av postane.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen